

Bilag 49

Ønskjer meir info om vindmøller

Kommunestyre i Vindafjord er langt frå å vera eining om den vindmølleparken er så god idé. Derfor inviterer i dag ordføraren til ope folkemøtet om vindkraft.

AURELIJA P. HUSTVEIT
aurelija.hustveit@grannar.no

— Fylkeskommunen i Rogaland har kome med høyringsutkast for vindkraft i Rogaland. I denne planen er det kartlagde konfliktgrad og soner i forhold til vindmøllepark og landbruk, naturvern, kulturminne, nærmiljøutvikling,

det vil seia hytter og bustader, og andre konfliktområde. Men kommunestyre er veldig delt i kva dei syntest om bygging av vindmøllepark i vår kommune. Spesielt på grunn av for lite innsyn i kva positive og negative konsekvensar dette eventuelt vil føra med seg, seier ordførar Arne Bergsvåg. Derfor meiner han at det er på

sin plass å invitara innbyggjarane og politikarane til eit ope informasjonsmøte, der vindkraftsiktene vert presentert på ein meir balansert måte. — Fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen kjem til å orientera om fylkesdelplanen for vindkraft i Rogaland. Så vil representantar frå Haugaland Kraft leggja fram

planar for vindmøllepark i kommunen. Men i tillegg til dette, skal Anne Katrine Lykke frå Stavanger turistforening gjera greia for konsekvensane ved natur inngrep. På folkemøtet i dag blir det høve til å stilla spørsmål til desse, seier ordføraren.

Etikkutval er kritisk

Kommunar bør ikkje motta ei gåve så lenge givaren er involvert i ei sak med kommunen som ikkje er avgjort. Det meiner Kommunesektorens etikkutval om ei sak som er ganske lik gáva frå AF Decom i Vindafjord.

JON EDVARDSEN
jon.edvardsen@grannar.no

AF Decom på Raunes gav Vindafjord kommune ei gáve på 100.000 kroner samstundes som selskapet har ein stor reguleringsplan til behandling i kommunen. Både ordførar Arne Bergsvåg og rådmann Helge Thorheim meinte det var uproblematisk for kommunen å ta imot denne gáva frá selskapet.

Begge tar lettare på spørsmålet enn Kommunesektorens etikkutval som nettopp har gitt ei vurdering av ei tilsvarande sak i ein kommune på Austlandet.

Tidspunkt uheldig

— Desse sakene er ganske like. Det mest uheldige er tidspunktet for gáva. Etikkutvalet meiner det er uheldig dersom ein aktør har ei sak til behandling, og samstundes gir ei gáve til kommunen, seier Svein Kamfjord i Kommunenes sentralforbund som er sekretær for etikkutvalet.

Professor Lucy Smith er leiar for utvalet som for første gong har gitt ei vurdering omkring spørsmålet om gáver til kommunar. Svaret til den aktuelle kommunen som har lagt fram ei sak for utvalet, kom på tysdag.

Utvalet har ikkje felt dom over denne saka, men gitt generelle vurderingar av gáveproblematikken.

Uavhengig av formål

Ein av hovudkonklusjonane er at kommunar ikkje bør takke ja til gáver når givaren er involvert i saker som ikkje er avgjort. Spesielt dersom gáva kunne kome til like stor nytte på eit anna tidspunkt.

Utvalet meiner at ei gáve er ei gáve til kommunen uavhengig av kven som får glede av den. Difor er det uinteressant kven i kommunen som avgjer saka som den potensielle givaren er involvert i.

AF Decom var midt inne i ein behandlingsprosess då gáva til Vindafjord kommune vart gitt. Gáva var også nemnt på møte med ordførar og rådmann der

Ser ingen uheldige koplingar ved gáve



Jon Edvardsen er medlem i etikkutvalet som har gitt uttalelse om gáveproblematikken. Han er medlem i etikkutvalet som har gitt uttalelse om gáveproblematikken. Han er medlem i etikkutvalet som har gitt uttalelse om gáveproblematikken.

Kommunesektorens etikkutvalg er kritiske til gáver som blir gitt kommunen av aktørar som samstundes har saker til behandling.



Ser på etikken

Utvalet meiner at ei gáve er ei gáve til kommunen uavhengig av kven som får glede av den. Difor er det uinteressant kven i kommunen som avgjer saka som den potensielle givaren er involvert i.

Seier tusen takk

Utvalet meiner at ei gáve er ei gáve til kommunen uavhengig av kven som får glede av den. Difor er det uinteressant kven i kommunen som avgjer saka som den potensielle givaren er involvert i.

dei aktuelle sakene var tema.

Svekke tillit

Etikkutvalet meiner at sjølv om motiva til gáver og mottakar er dei aller beste, så vil ei gáve likevel kunne gå ut over tilliten til kommunen. Det treng med andre ord ikkje vere ugler i mosen for at det skadar kommunen sitt omdømme.

— Det er like viktig kva innbyggjarane kan tenkje om ei slik sak.

Det er nok at nokon kan mistenke at det er samanblanding. Difor meiner utvalet at kommunane bør unngå slikt samanfall i tid, seier Svein Kamfjord.

Utvalet meiner ei gáve kan vere etisk problematisk sjølv om den ikkje er i strid med lova. Det er nok at gáva kan oppfattast å vere gitt for å påverke kommunen.

Tilrår regelverk

Utvalet påpeikar at det ikkje er

uvanleg at hjørnesteinsbedrifter gir gáver til velferdstiltak og liknande som ein del av samsynsansvaret. Men utvalet tilrår at kommunen har ein måte å handtere gáver på gjennom eit enkelt regelverk eller retningslinjer.

— Det er viktig at det skjer ope, og at ein har reglar for kva gáver som kan handsamast administrativt og kva storleik som må til for at dei skal på politikarane sitt bord. Utvalet er ikkje dom-

mar, men gir etiske råd, seier Kamfjord.

Han påpeikar at forskning i USA viser at det skjer ein bevisst eller ubevisst påverknad mellom gáver og mottakar av gáver. Det er mellom anna dokumentert i forholdet mellom legemiddelindustrien og legane.

Fakta/ dette er saka

■ Den 4. mai 2007 sender AF Decom brev til Vindafjord kommune der selskapet stadfestar at det vil gi 100.000 kroner til Tusenårsstaden i Vindafjord. Bedrifta har tidlegare hatt samtalar med blant andre ordførar, rådmann og kulturkonsulent om saka.

■ Den 8. mai hadde formannskapet i Vindafjord ope planprogrammet i ei større regulerings sak for bedrifta. I januar handsama kommunen eit utslippssøyle.

■ Den 14. mai sender ordførar Arne Bergsvåg og rådmann Helge Thorheim brev til AF Decom der dei takkar ja til gáva.

Vil ta opp regelverk for gáver

Rune Hetland frá Vikebygd bygdaliste vil ha eit regelverk for gáver til kommunen. Han meiner gáva frá AF Decom set kommunen i eit uheldig lys som ein må unngå for framtida.

— Det er uheldig av kommunen å ta imot ei gáve når givaren har ei stor regulerings sak gåande. Brevet har også ei kopling som set bedrifta i eit uheldig lys. Med eit regelverk kunne vi unngått dette, meiner Rune Hetland.

Kommunepolitikaren vil så raskt som mogleg ta spørsmålet om gáver opp politisk og foreslå at kommunen bør innføre retningslinjer.

Han ser også for seg at kommunen lagar ei lett tilgjengeleg liste over gáver kommunen mottar.

Vurderer tiltak

— Fleire tiltak kan vurderast for å unngå at kommunen kjem i ein situasjon som går ut over truverdet. Etikkreglement er viktig, også når det gjeld gáver, seier Hetland.

Han meiner andre kan stille spørsmål om ein kjøper seg goodwill gjennom gáver, og eit regelverk må fastslå

kva som er akseptabelt.

Men Hetland er opptatt av å ikkje kaste babyen ut med badevatnet, og at bidrag frå næringslivet er viktig både for kommunen og lag og organisasjonar. Han nemner støtte frá Vindafjord arbeidsgivarforum som eit viktig bidrag.

— Vi må erkjenne at både kommunen og bygdene har behov for eit samspel med næringslivet som inneber pengestøtte. Elles var det mykje ein ikkje fekk til. Men ein må ha spelereglar som ikkje plasserer kommunen i eit uheldig lys, seier Hetland.

Hjelper hørselshemma



Mange slit med dårleg hørsel. Ingebjørg Nonslid, Mattis Gravelseter og Odd Inge Vestbø i Grannelaget av HLF for Etne, Ølen og Vindafjord, meiner det er viktig å kome saman og treffe likesinna. FOTO: ARNHILD AAEN

Grannelaget av HLF for Etne, Ølen og Vindafjord er til for å betre kåra for hørselshemma. Nå ønskjer laget å slå eit slag for alle som slit med dette problemet, både unge og eldre.

ARNHILD AAEN
arnhild.aaen@grannar.no

Det er 15 år sidan det lokale laget tilslutta Hørselshemmedes Landsforbund (HLF) vart skipa i Grannardistriktet, og nyvald leiar Mattis Gravelseter, saman med to av styremedlemmene i laget, Ingebjørg Nonslid og Odd Inge Vestbø ønskjer å opplyse om kva laget kan hjelpe til med.

Laget har 142 medlemmar frå eit stort distrikt.

— Ja, vi har medlemmar både i Suldal og Tysvær. Noko som ikkje minst skuldast at HLF har ei attraktiv forsikringsordning, fortel dei tre.

Usynleg lidning

Å vere hørselshemma er ofte ei usynleg lidning, og kan mange gonger kome brått.

— Plutseleg treng ein hjelp til ting ein ikkje trong før, og dei fleste veit ikkje kor dei skal vende seg. Det er mange ting ein kan lure på når ein må begynne med høyreapparat, også nye tekniske ting ein må ha i huset, er slikt ein ikkje alltid greier å bruke med ein gong. Då er det godt å vite at ein kan få hjelp ein stad, laget vårt kan skaffe hjelp i ei usikker tid, fortel dei tre.

Rusfri festival

15. juni planlegg Karmsund Ettervern å arrangera Aksjon Rusfri 2007 i Ølen samfunns-hus. Så langt er ikkje programmet for den rusfrie festivalen klar, men marknadsjef Frode Lervik og marknadskonsulent Alf Egil Vannes, lovar konserter og anna underhaldning.

— Det er mykje rus og narkotika i Ølen og Etne. Kan me hjelpe nokon, gjer me ein god jobb. Det er kort tidsfrist, men me har gode erfaringar frå liknande arrangement tid-

legare. Det skal gå bra å få på plass gode artistar. No vil me ut å høyra kva ungdommane vil ha, seier dei.

Arrangørane lovar gratis inngang, og er i full gang med å skaffa sponsorar som kan dekkja utgiftene.

— Me samarbeider både med politiet og næringslivet, og arrangementet skal vera for dei mellom 12 og 18 år, seier dei.

Fleire med tinnitus

Ingebjørg Nonslid er tinnituskontakt i laget. Nyleg var ho på Landaasen rehabiliteringssenter, og fortel om hjelpa eit slikt opphald kan gi. 50 000 personar slit med tinnitus her i landet, og dette talet aukar stadig. Høg lyd viser seg å vere ein av grunnane til at ein får denne skaden, og ho åtværer nå når ein går inn i ei festivaltid med mykje høg musikk.

På eit møte i laget i morgon vil ho fortelje om meistring av tinnitus ut frå det ho lærte på Landaasen. Med på dette møtet blir også nyvald leiar i Haugaland Hørsel Lag, som vil informere om laget og den hjelpa det kan gi. Elles understrekar dei tre at det ligg svært mykje god informasjon på internett om arbeidet i HLF.

— Sit ikkje heime og synest synd på deg sjølv, kom og treff likesinna. Dette gjeld også unge som slit med hørselsproblem, er oppmodinga frå entusiastane i Grannelaget for HLF.

Ser ingen uhel



Anleggsleiar Sigbjørn Skjørholm hos AF Decom på Raunes seier dei er langsiktige i Vindafjord og at dei ville gitt ei gåve uavne

AF Decom på Raunes kontakta Vindafjord kommune fordi bedrifta uoppfordra ønskte å gi ei pengegåve. Samstundes har Decom ein større reguleringsplan til behandling i kommunen.

ION EDVARDSEN
jon.edvardsen@grannar.no

JOAR GRINDHEIM
joar.grindheim@grannar.no

Det relativt nyetablerte mottaksanlegget til AF Decom sanerer utrangerte marine konstruksjonar på Raunes, og selskapet ekspanderer. For ei tid tilbake gav selskapet signal om at det ønskte å gi ei gåve til Vindafjord kommune. Dette vart signalisert både over-

for kulturkonsulent Eva Kalsveit, og i møte med rådmann Helge Thorheim og ordførar Arne Bergsvåg der andre tema som gjeld selskapet var på dagsorden.

Gåva frå Decom AS vart deretter kanalisert til Tusenårsstaden i Ølen sentrum. Det er forløp det tre gir.

Gåve samstundes

Den 4. mai skreiv selskapet eit brev til Vindafjord kommune og ordførar Arne Bergsvåg der AF Decom gir klarsignal for ei gåve på 100.000 kroner. Parallelt med ønsket om å gi ei gåve, har AF Decom til behandling ein ny reguleringsplan der planprogrammet var oppe til politisk behandling i formannskapet den 8. mai.

I brevet skriv verksemda mellom anna:

■ «En pågående planprosess

skal forhåpentlig ende opp med en ny reguleringsplan for Raunes industriområde. Dette arbeidet er en del av en nødvendig oppgradering og modernisering av anleggets infrastruktur og andre fasiliteter».

■ «Samarbeidet med Vindafjord kommune fungerer på en utmerket måte og vi ser fram til et fortsatt like godt samarbeid i framtiden. Som bekreftelse på vår tilfredshet med å vere "leietaker og innbygger" i Vindafjord kommune ønsker AF Decom derfor å gi en gåve på NOK 100.000 kroner til arbeidet med tusenårsstaden i Ølen.»

Hadde utspelet

For eit selskap i vekst er kommunen ein viktig medspelar i form av saksbehandling. I januar gav også kommunen ei fråsegn om endring av utseppsløyvet til selskapet. I tillegg leiger AF De-

lige koplingar ved gåve



ing og bedrifta har søknader til behandling i kommunen eller ikkje.

ARKIVFOTO: JON EDVARDSEN



Rådmann Helge Thorheim i Vindafjord kommune takkar ja til gåva, og ser ingen uheldige koplingar.

com industriområdet av Vindafjord kommune.

Anleggsleiar Sigbjørn Skjørholm hos AF Decom på Raunes har hatt kontakten med Vindafjord kommune. Han ser ingen samanheng mellom gåva og at bedrifta har søknader til behandling i kommunen.

— Vi må regulere for å kunne drive, og det har ingen samanheng med at vi vil gi ei gåve. Vi er langsiktige i Vindafjord og ville gitt ei gåve uansett, seier han.

Han seier det verken var Decom eller kommunen som tok initiativet til gåva, men at Decom tok utsp-

let etter at dei var presentert for Tusenårsprosjektet som manglar finansiering.

— At næringslivet stiller opp er nødvendig for å få til ein del ting. Vi er ei av dei største bedriftene i Vindafjord, og ønskjer å bidra med noko vi òg, seier Skjørholm.

Han ser ingen kopling mellom gåva og søknader, men vil ikkje kommentere om det er uheldig samanfallet mellom søknader og gåve. Han viser også til avdelingsdirektør for Offshore i AF Decom, Bengt Hildisch, for spørsmål om gåvebrevet der bedrifta nemner reguleringsplanen og det gode samarbeidet med Vindafjord kommune.

Skjørholm opplyser at han skreiv under på brevet på vegner av Hildisch for å få det sendt.

Ingen samanheng


Avdelingsdirektør Hildisch understrekar at det ikkje er noko samanheng mellom gåva og arbeidet

med reguleringsplanen, sjølv om begge deler er nemnt i brevet.

— Vi har aldri tenkt å lage noko kopling mellom desse to sakene. Kanskje skriv vi for mykje i brevet, og eg ser at det kan falle uheldig ut og oppfattast feil dersom ting vert tatt ut av samanhengen. Mitt inntrykk er at kommunen har integritet, men dersom nokon meiner at dette er uheldig får vi trekkje gåva eller kommunen takke nei, seier Bengt Hildisch.

Han ser ingen problem med at verksemda gir ei gåve samstundes som dei har ei regulerings sak gåande.

— Eg har inntrykk av at andre næringsdrivande også gir gåver til kommunen, og vi vil også gi. Vi har tidlegare også gitt bidrag til kyrkja, idrettslaget og Vats skule. Det er naturleg at ei stor verksemd gir gåver, seier han.



Her er brevet frå AF Decom der dei vil gi ei gåve på 100.000 kroner. Grannar har understreka det som er sitert i artikkelen.

Ser på etikken

Gåver private gir til kommunane er til vurdering i Kommunesektorens etikuttvalg. Etikuttvalet skal gi generelle vurderingar av spørsmålet på eit seinare tidspunkt. Desse vurde-

ringane skal fungere som generelle råd for kor grensene for det akseptable går. Diskusjonen om dette har reist seg ganske nyleg og etikuttvalet starta sitt arbeid i fjor haust.

Seier tusen takk

— Denne gåva kjem vi til å seie tusen takk til. Vi klarer å ta vare på integriteten vår.

Det seier rådmann Helge Thorheim i Vindafjord om pengegåva kommunen har fått av AF Decom. Han ser ingen uheldige sider ved å få ei slik gåve samstundes som bedrifta har ein reguleringsplan til behandling i kommunen. Han meiner denne koplinga er uvesentleg.

— Både administrasjonen og politikarane klarer å ta vare på integriteten sin. Før eller seinare vil ei bedrift søkje om noko. At det denne gongen skjer samstundes med gåva, ser eg ikkje på som noko problem. Vi vurderer søknader på fritt grunnlag. Eg tvilar på om nokon har baktankar med slike gåver, seier Thorheim.

«Godt samarbeid»

— Kan ein tolke brevet som takk for eit «godt for-

hold» mellom AF Decom og kommunen?

— Eg trur ikkje det er noko i den retninga. Vi snakkar om eit allmenntinglig føremål og det er tradisjon med slike gåver. Det er ein tung og stor aktør som har etablert seg og det er hyggeleg at dei vil leggje noko igjen, meiner rådmannen.

Tradisjon med gåver

Heller ikkje ordførar Arne Bergsvåg reagerer på gåva og brevet frå AF Decom. Også han meiner tidspunktet for gåva er uvesentleg. — Dei gav denne gåva utan oppfordring, og det meiner eg er greit. Vi har sagt ja til etablering og ny regulering blir ei oppfølging av det. Eg ser heller på det som ein tradisjon og innarbeidd praksis der næringslivet stiller opp. Dette er ikkje uvanleg, seier Bergsvåg.

Difor meiner han det heller ikkje oppstår bindingar når bedrifter gir gåver til kommunen.